

ABO Plan & Arkitektur AS
v/Unni Sjursen
Postboks 291
5203 OS

Saknr.: 20-010 Kommune: Alver gbnr. 215/2 mfl Gardsnamn: Ytre Eidsnes Dykkar ref.:

Varsel om oppstart av planarbeid og offentlig ettersyn av planprogram for detaljreguleringsplan Ytre Eidsnes, gnr. 215 bnr. 2mfl., Alver kommune.

Dokumentliste:

| Dok. nr. | Inn/ut | Dato | Avsender/mottakar | Planstatus | Saksh. |
|----------|--------|------------|--|--|--------|
| 2020/ | Inn | 03.11.2020 | ABO Plan & Arkitektur AS v/Unni Sjursen | Varsel om oppstart av planarbeid og offentlig ettersyn | SMV |

NGIR har mottatt varsel om oppstart av planarbeid og offentlig ettersyn av planprogram for detaljreguleringsplan og har følgende merknader:

Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Alver (og NGIR området forøvrig) kommune har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. Det bør vurderast moglegheit for nedgravde avfallsløysingar. I tillegg er det viktig at tilkomstvegar – til hentestadar – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsvegar (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane. Tilkomstvegar og snuplassar bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen 7. desember 2020



Siv-Merete Vedå
-Kunderådgjevar-



Notat

Til: Ole Martin Bolset

Kopi til:

Saksbehandler: Kultur/Bente Kopperdal Hervik

Vår referanse: 20/9539 - 24 / Plannavn-Ytre Eidsnes, Komnr-4631, GBNR-215/2 m.fl,
FA-L13

Dato: 05.01.2021

Emne: Planprogram til detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl. PlanID 46312020004 - uttale kultur

Viser til utkast til planprogram til detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl. PlanID 46312020004.

Med har ingen merknader til planprogrammet, men vil påpeika at det er positivt at kulturmiljø vert eit tema i konsekvensutredninga saman med landskap.

Med venleg helsing

Bente K. Hervik
rådgjevar kultur



Statens vegvesen

ABO PLAN & ARKITEKTUR AS

Postboks 291

5203 OS

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
20/234941-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
13.01.2021

Uttale til varsel om oppstart av reguleringsplan for Ytre Eidsnes – gnr. 215 bnr. 2 mfl. – Alver kommune

Vi viser til brev frå ABO Plan & Arkitektur dagsett 03.12.2020 – Varsel om oppstart av planarbeid og offentleg ettersyn av planprogram for detaljreguleringsplan Ytre Eidsnes, gnr. 215 bnr. 2 mfl. i Alver kommune. Frist for uttale er den 23.01.2021.

Saka gjeld

Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for 5 einebustader. Området er sett av til LNF i gjeldande KPA, med omsynssone H510– omsyn landbruk. Planområdet er ca. 7,4 daa. Planprogrammet vil legge rammene for plan- og konsekvensutgreiinga som skal utførast i samband med detaljreguleringa. Forslagsstillar er Egil Magnar Eidsnes. Plankonsulent er ABO Plan & Arkitektur AS.

Plankonsulent opplyser at det i 2016 vart godkjent frådelling av to tomter, gnr. 215 bnr. 88 og gnr. 215 bnr. 89. I 2019 vart det søkt om dispensasjon for frådleing av ytterlegare to tomter. Denne søknaden vart avslått og det vart stilt krav om reguleringsplan.

Planområdet er uregulert og ligg innafor kommunedelplan for Lindås 2019–2031. Området er i overordna plan satt av til LNF, med omsynssone H510 – omsyn landbruk.

Planforslaget er ikkje i samsvar med overordna plan og er vurdert å utløyse krav om planprogram og konsekvensutgreiing jf. Plan- og bygningslova §4-1.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har og ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretninglsliner for samordna bustad-,areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretatt i planlegginga. Til denne

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

planen uttaler vi oss som forvaltar av riksveg og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport.

Uttale

Konkrete innspel til planarbeidet

Avkøyringspunkt frå fylkesveg 5456 inngår i planområdet. Vi ser det er gjort utbetringar av avkøyrsla dei seinare åra men det er likevel vanskeleg ut frå vegbilde å sjå om denne stettar krav til utforming og frisikt jfr. handbok N100. Dette er noko plankonsulent må vurdere som ein del av planarbeidet.

Skilta fart på fylkesvegen er 50 km/t. Jfr. tal frå Nasjonal vegdatabank er trafikkmengda berekna til ÅDT = 300 (2019). Trafikkmengda er låg. Vegvesenet peiker likevel på at Fv. 5465 er omkøyringsveg ved stenging av E39.

Statens vegvesen legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til trafiksikkerheit og framkomelegheit på fylkesvegen skjer i dialog med Vestland fylkeskommune.

Av planprogrammet går det fram at i tillegg til utgreiingsprogrammet (pkt. 4.8) vil tema som trafikk, born og unge m.m. bli skildra som del av planomtalen. Det vil og utarbeidast ein eigen risiko- og sårbarheitsanalyse for planforslaget der mellom anna risiko for ulykker knytt til auka trafikk vil bli vurdert.

Reguleringsplanen skal leggje til rette for bustadføremål. Vi ber om at temaet trygg skuleveg vert spesielt omtala og vurdert.

Generelle krav til planarbeid

Statens vegvesen legg til grunn at verknadane planløysningane vil ha for vegtransport og vegnett vert utgreia og kjem tydelig fram av planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og eventuell konsekvensutgreiing. Dette gjeld generelt:

- trafiksikkerheit for ulike trafikantgrupper
- tilkomstløysningar
- forventa trafikkmengde og kapasitet på vegnettet
- trafikkmonster og reisemiddelfordeling
- parkeringsdekning og -behov
- framkomelegheit for ulike trafikantgrupper
- ivaretaking av ovannemnde omsyn i anleggsperioden

Eventuelle konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av vegnettet og for samordna bustad -, areal- og transportplanlegging, universell utforming, trafiksikkerheit og framkomelegheit må også utgreiast. For meir utfyllande informasjon om utgreiingskrava viser vi til Statens vegvesens handbok V744.

Vidare planprosess/medverknad

Statens vegvesens uttale til varsel om oppstart er ikkje uttømande. Når eit planframlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn, vil vi kunne kome med ytterlegare innspel og merknader.

Transport vest, Transportforvaltning
Med helsing

Frode Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Postboks 8112 DEP, 0032 OSLO
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020
BERGEN



Abo plan & arkitektur

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Oppstartsmelding - Alver - 215/2 m fl - Ytre Eidsnes - 5 einebustader - detaljregulering

Vi viser til brev av 03.12.2020 med varsel om oppstart av planarbeid og offentlig ettersyn av planprogram for detaljreguleringsplan Ytre Eidsnes.

Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for 5 einebustader. Området er sett av til LNF i gjeldande KPA, med omsynssone H510- omsyn landbruk. Planområdet er ca. 7,4 daa.

Det er utarbeida eit planprogrammet og det skal utarbeidast ei konsekvensutgreiing for reguleringsplanen.

Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren i Vestland er i utgangspunktet kritisk til planlegging som ikkje er i samsvar med overordna plan. Vi viser til at kommuneplanens arealdel fastsett framtidig arealbruk og er bindande for nye tiltak jf. plan og bygningslova (pbl.) § 11-6. Det er i kommuneplanen ein skal vurdere kor ein skal leggje til rette for bustadområde. Her kan ein i større grad vurdere kor mange bustadområde som er naudsynt i kommunen og kor ein best kan plassere desse. Kommuneplanen for Lindås vart vedteke i 2019 og det vart då vurdert at kommunen hadde lagt til rette for nok bustader i heile kommunen. Vi kan slik sett ikkje sjå kvifor ein no skal utarbeide ein reguleringsplan for bustad i LNF-formål med omsynssone landbruk. I dette området er det berre tillate med naudsynte tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag. I dette området er formålet forsterka med ei omsynssone for landbruk og kulturlandskap. Statsforvaltaren i Vestland rår primært til at vurderingar av nye bustadområde i kommunen skjer i samband med utarbeiding av kommuneplan for Alver kommune.

Om ein likevel vel å gå vidare med planarbeidet, er det viktig at naturmangfald, landbruk og kulturlandskap vert vurdert grundig. Vi meiner også at det må utarbeidast ein mobilitetsanalyse for å belyse korleis ein kjem seg rundt, og om utbygginga er i samsvar statlege planretningslinjer for bustad- areal og transportplanlegging.

Det er også viktig at ein vurderer om dette er eit området som er eigna for bustad. Ein må då sjå på eit breidd spekter av tema som klima, naturmangfald, folkehelse, universell utforming, barn og unge,



trygg skuleveg og avstand til skule, barnehage og andre fasilitetar. Etter det vi kan sjå er det ikkje løysing for mjuke trafikkantar langs vegen i dette området, og det må vurderast om folk og særleg barn kan ferdast trygt langs vegen, enten det er til skulen eller på fritida. Om ein skal leggje til rette for fleire bustader her bør dette også vere i trå med arealstrategien i kommunen.

Ifølge planprogrammet skal det utarbeidast ei konsekvensutgreiing på temaa landbruk og landskap og kulturmiljø. Statsforvaltaren meiner ein også naturmangfald og bustad-, areal og transport må vere KU-tema, saman med born og unge sine interesser. Kulturlandskap må også vere ein del av konsekvensutgreiinga. Vi legg til grunn at det også vert vurdert om planforslaget er i strid med statlege føringar knytt til desse temaa. Planprogrammet ser elles ut til å nemne dei mest relevante statlege føringane, men det vil vere viktig at verknadane av planen går klart fram og vert konkret vurdert. Vi gjer merksam på at det vert referert til Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging vedtatt 12.06.2015. Det vart vedtatt nye Nasjonale forventningar 14.05.2019, og det er desse som må leggest til grunn.

Konklusjon

Statsforvaltaren rår primært ifrå å gå vidare med planen før området eventuelt har vore vurdert i kommuneplanssamanheng. Om ein likevel vel å gå vidare med planarbeidet no er det viktig å belyse alle relevante plantema og verknader grundig.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

| | | | |
|------------------------------|---------------|------|-----------|
| Statens vegvesen Region vest | Postboks 43 | 6861 | LEIKANGER |
| Vestland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| Alver kommune | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |

NVE sitt generelle innspel til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan Ytre Eidsnes – Gnr. 215 bnr. 2 mfl. – Alver kommune

Vi viser til varsel om oppstart datert 03.12.2020.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl). Forslagsstillar har ansvaret for at desse interessene er vurdert i planarbeidet.

Flaum, erosjon, skred og overvatn

God arealplanlegging er det viktigaste verkemiddelet for å førebygge skader frå flaum, overvatn, erosjon og skred. Klimaendringar vil auke risiko for desse farane. Pbl set tydelege krav til tryggleik mot flaum, erosjon og skred ved planlegging og utbygging, og byggteknisk forskrift (TEK17) kapittel 7 konkretiserer krava i høve til flaum-, erosjon- og skredfare. På reguleringsplannivå vil det ofte være trong for ei detaljert fagkyndig utgreiing av reell fare.

Auka grad av utbygging i nedbørfeltet gir auka del tette flater. Dette bidreg til raskare avrenning og meir vatn på overflata (overvatn). Auken kan føre til overfløyming i byggeområda og flaum i vassdraga. Det er viktig å vere merksam på at ny utbygging også kan blokkere avrenninga frå høgare område, som kan føre til skadar på bygg og leie overvatnet til uønskt retning. Økosystem som for eksempel flaumskog, myrer og våtmarker har ein flaumdempande funksjon som i stort mogleg grad bør takast vare på. Dersom omgjevnadane og/eller resipienten ikkje har kapasitet til å ta imot auka avrenning, må det planleggast for kompensierende tiltak i nedbørfeltet. Korleis klimaendringar verkar inn på avrenning i byggeområda må også avklarast. Dette må gjerast tidleg i planprosessen slik at det vert sett av tilstrekkeleg areal til tiltaka før bygningar og infrastruktur vert planlagt. Sjå elles informasjon om overvatn på www.nve.no/hydrologi/urbanhydrologi.

Vassdrag- og grunnvasstiltak

Det er store allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn. Tiltak som kan føre til skader eller ulemper for allmenne interesser, kan utløyse konsesjonsplikt etter vassressurslova. Dersom det er trong for at NVE skal gjere vurdering av konsesjonsplikt av vassdragstiltak i planen, ber vi om at dette kjem klart fram i oversendingsbrevet. NVE kan avgjere at reguleringsplan kan erstatte konsesjon, dersom vassdragsinteressene er godt nok ivareteke i planen.

Energianlegg

Eit vel fungerande system for produksjon og overføring av energi er avgjerande for samfunnet. Planen må difor ta omsyn til anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi- og vassdragslovgjevinga. Dersom planen er i konflikt med energiinteresser, bør aktuelle energiselskap involverast tidleg.

Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiarar og verktyø:

- [Kartbasert sjekkliste – NVE-tema](#) – kartbasert rettleiing for reguleringsplan
- [NVE sine karttenester](#) viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.

- [NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) skildrar kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeidast i planen.
- [NVE si sjekklister for reguleringsplan](#) kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- [Miljødirektoratet sin rettleiar om overvatn](#) gir nyttige tips om handtering av overvatn i arealplanlegging.
- [Klimaservicesenteret/klimaprofilane](#) gir eit kortfatta samandrag av dagens klima, forventa klimaendringar og klimautfordringar.
- [Statlege planretningslinjer for klima og energiplanlegging og klimatilpassing](#) av 28.09.2018 gir føringar for korleis kommunane skal ivareta klimaendringar i planlegginga.
- For vurdering av overvatn kan også følgjande [publikasjonar frå Norsk Vann](#) vere aktuelle. Norsk Vann sin rettleiar A162 – «*Veiledning i klimatilpasset overvannshandtering*» og Norsk Vann sin rapport B22 - «*Vann og avløp i arealplanlegging og byggesaksbehandling*».
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på www.nve.no/arealplan.

Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn.

NVE legg til grunn at kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlege regionale interesser. I plandokumentata må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved plandokumentata.

NVE vil prioritere å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av [brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen»](#). Vi ber difor om at det vert skrive tydeleg i oversendingsbrevet til NVE kva ein ønskjer bistand til i den enkelte saka.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Toralf Otnes

Senioringeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Region vest

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 22 95 95 27/95 87 50 35

E-post: toot@nve.no

Web: www.nve.no



NVE handsamar dine personopplysningar i samsvar med personvernregelverket. Sjå korleis [her](#).

Avsender: Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN
NORWAY



153296-301-22

ABO PLAN & ARKITEKTUR AS
Att: Unni Sjursen
Postboks 291
5203 OS
Norway

Fråsegn til oppstart av reguleringsplan for Ytre Eidsnes, gnr. 215 bnr. 2 mfl., Alver kommune



Vestland fylkeskommune har starta med å sende ut post digitalt, i tråd med regjeringa sitt digitaliseringsprogram.

Posten vi sender til deg blir sendt til meldingsboksen din i Altinn, og til Digipost eller eBoks når du vel digital postkasse.

Dokument som ikkje er opna i Altinn innan to verkedagar blir sendt på papir i posten.

Digitalt førsteval er raskare, tryggare og sparar miljøet!

Med helsing
Vestland fylkeskommune

Vår referanse 2020/78260-5
Dato 17.01.2021

ABO PLAN & ARKITEKTUR AS
Postboks 291
5203 OS

Att. Unni Sjursen

Fråsegn til oppstart av reguleringsplan for Ytre Eidsnes, gnr. 215 bnr. 2 mfl., Alver kommune

Vi viser til brev datert 3.12.2020 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Ytre Eidsnes med planprogram. Føremålet med planarbeidet er å utvikle eigedomen og leggje til rette for til saman fem einbustadar, og føremålet er i i strid med kommuneplan der området er sett av til LNF med omsynssone H510- omsyn landbruk. Forslagsstillar har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Vestland fylkeskommune vurderer planprogrammet og oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Planområdet er ca. 7,4 daa og ligg langs Eidsnesvegen, ca. 13 km frå kommunesenteret Knarvik.

Vurdering og innspel

Planfaglege innspel

Planområdet avsett til LNF-formål med omsynssone landbruk i gjeldande KPA, og planlagd formål bustad vil difor vere i strid med overordna plan. På generell basis vil vi rå til at planinitiativ som er i strid med overordna rammeverk vert behandla på kommuneplannivå, før reguleringsplanprosessar vert sett i gong. Alver kommune har likevel vald å anbefale oppstart, og i det følgjande vil vi nemne nokre tema som vi ønsker at planarbeidet har fokus på vidare.

Planprogrammet som ligg føre er lettfatta og ryddig utarbeida, og nemner dei mest relevante regionale føringane for planprosessen.

Areal- og transport

Samordna areal og transportplanlegging skal avklare at rett føremål vert lokalisert på rett plass. Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (RATP) legg føringar for utbyggingsmønster som legg til rette for vekst i bustader og næringsareal innanfor berekraftige rammer, knytt til kollektivtransport og effektiv vegtransport. Ytre Eidsnes ligg i gangavstand til Eikangervåg kor barne- og ungdomsskule og matbutikk er lokalisert, men ligger 13 km unna kommune- og regionssenteret Knarvik og utanfor vekstsonene nedfelt i RATP.

Det er langt til vidaregåande skule og andre sentrumsfunksjonar, utbygginga vert difor bilbasert. Vi vurderer det som uheldig å leggje til rette for bustadbygging her utan at god infrastruktur er på plass. Fylkeskommunen er difor kritisk utbygging her då den vil bli bilbasert, skje utanfor definerte vekstsonar, og bygge ned landbruksareal.

Samferdsel

Som vegstyresmakt har Vestland fylkeskommune ansvar for arealbruk, trafikktryggleik og framkomst i område langs fylkesveg. Vi har og ansvar for at areal- og transportpolitiske føringar blir tatt høgde for i planlegginga, og at veginfrastrukturen vert utforma i samsvar med vegnormalkrava.

Generelle vegfaglege krav til planarbeidet

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til riksveg/fylkesveg (kryss, avkjørsler, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.)
- Byggegrenser til fylkesveg
- Tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i bygge- og anleggsfasen, med særleg fokus på mjuke trafikantar
- Tiltaket sine konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av fylkesvegnettet
- Vegtrafikkstøy
- Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker og vegnormalar
- Omsyn til universell utforming
- Trafikkanalyse som visar venta trafikkmengd i området

Særskilde merknadar til planarbeidet

Fylkesvegen som går her har dårleg standard og det manglar tilbod for gåande og syklende. Avkøyrsla til fylkesveg 5456 Eidsnesvegen vart i 2019 godkjent av Statens vegvesen for to einebustadar for eigedomane 215/88 og 215/89. Her fekk ein ikkje til svingradius frå vedtaket i 2017 på 4 meter, og det vart gitt løyve til løyve til å gå ned til 3 meter svingradius i retning høgve. Med denne endringa vart breidda i avkøyrsla redusert og vere i samsvar med løyvet frå 2017.

Det vart igjen søka om frådelling av to nye tomter frå eigedom 215/2 i 2019, kor Statens vegvesen uttala seg negativt grunna området ligg i LNF område og avkøyrsla ikkje er dimensjonert for meir bruk.

Avkøyrsla har ein svært liten svingradius med tanke på at det no er ønska auka bruk av denne. Det er registrert fleire brukarar av avkøyrsla og ny dimensjonering av denne må skje i samsvar med handbok N100. Her vil ein kunne forvente strengare krav til utforming med tanke på svingradius og siktsone.

I tillegg er vi igjen kritisk til slik spreidd bygging i LNF område med tanke på dei mjuke trafikantane i området. Vi ber difor om at mjuke trafikantar vert teke sær omsyn til vidare i planprosessen.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vestland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Dersom tiltaket er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Vestland Fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak. Vestland fylkeskommune kan gjere administrativt vedtak til tiltak som ikkje er av prinsipiell karakter, og som har vesentleg negativ verknad på regionale og nasjonale kulturminneinteresser.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i planområdet. Vi ber om at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader i høve kulturminne på noverande stadium i planprosessen.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/>

Oppsummering

Vestland fylkeskommune er kritisk til planinitiativet, då spreidd bygging i LNF-område ikkje vil vere i samsvar med nasjonale, regionale og kommunale målsettingar om samordna areal- og transportplanlegging eller bygge opp under ei hensiktsmessig senterstruktur. Spreidd utbygging her vil bli bilbasert, skje utanfor definerte vekstsonar, og bygge ned landbruksareal. Omsynet til landbruksdrift og mjuke trafikantar i området bør vere viktige vurderingspunkt i eit evt. vidare planarbeid.

Grunna terrengforholda på staden er det vanskeleg å få til gode løysingar for avkøyrsla, som må dimensjonerast på ny. Vi ber om å få teikningar oversendt for gjennomgang, gjerne før høyringsfasen.

Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

Med helsing

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Liz Eva Tøllefsen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlarar:

Liz Eva Tøllefsen, seksjon for plan, klima og folkehelse

Lillian Bakke Byrknes, seksjon for veg og infrastruktur

Helene Moe, seksjon for kulturarv



